

Månad: Oktober 2017

AKTIVITET

Psykisk helsevern	Denne periode				Til no i år					
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	Avvik I fjor frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	Avvik I fjor frå i fjor		
Psykisk helsevern vaksne										
Tal heildøgnsopphald	1 432	1 609	-177	1 563	-131	15 020	15 178	-158	15 430	-410
Tal utskrivne pasientar	91	91	0	94	-3	881	908	-27	984	-103
Poliklinisk dagbehandling	37	28	9	46	-9	371	247	124	326	45
Polikliniske kons. m/refusjon	2 458	2 166	292	2 103	355	22 508	19 380	3 128	20 089	2 419
Rus										
Tal heildøgnsopphald	547	696	-149	670	-123	5 722	6 562	-840	6 489	-767
Tal utskrivne pasientar	18	15	3	13	5	176	151	25	166	10
Polikliniske kons. m/refusjon	292	313	-21	243	49	2 498	2 804	-306	2 622	-124
Psykisk helsevern barn og unge										
Tal heildøgnsopphald UPH	137	109	28	97	40	987	982	5	791	196
Tal utskrivne pasientar UPH	12	8	4	10	2	77	83	-6	82	-5
Polikliniske kons. m/refusjon	1 386	1 603	-217	1 533	-147	13 727	15 608	-1 881	14 579	-852

Psykisk helsevern for vaksne (VOP/RUS)

God aktivitet innanfor psykisk helsevern i perioden. Aktiviteten i døgnsesjonane er litt lågare enn budsjett, medan poliklinikkane har fleire konsultasjonar enn både budsjett og fjoråret. Beleggsprosenten på dei distriktpsykiatriske sentera (DPS) er 79 prosent i snitt. Akuttposten hadde 69 prosent belegg i perioden.


Innanfor rus er aktiviteten litt under budsjett. Gjennomsnittleg belegg på ruspostane er 62 prosent i perioden.

Akkumulert er aktiviteten høgare enn fjoråret innan PHV, men litt lågare innan TSB.

Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Aktiviteten ligg litt under plan for perioden ved poliklinikkane. 74 prosent belegg på UPH i perioden.

Akkumulert er aktiviteten litt lågare enn fjoråret.

Beleggsprosent døgnsesjonar


Beleggsprosenten i perioden er 79 prosent i snitt på DPS, og 62 prosent på ruspostane. UPH hadde eit belegg på 74 prosent i perioden.

ØKONOMI

Psykisk helsevern	Denne periode			Til no i år		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett
Basisramme	31 972	31 972	0	295 846	295 846	-0
ISF eigne pasientar	1 489	1 905	-417	14 289	17 698	-3 409
Gjestepasientar	96	183	-87	735	1 833	-1 098
Polikniske inntekter	4	-	4	54	-	54
Andre øyremerka tilskot	116	114	2	1 424	1 137	287
Andre driftsinntekter	1 088	1 058	31	8 009	7 861	148
Sum driftsinntekter	34 765	35 232	-467	320 357	324 375	-4 018
Kjøp av offentlege helsetenester	2 330	1 213	-1 118	17 076	12 127	-4 949
Kjøp av private helsetenester	388	134	-254	2 010	1 339	-670
Varekostnader knytt til aktivitet	264	416	152	3 770	3 736	-34
Innleige av personell	907	640	-267	9 833	9 137	-697
Løn til fast tilsette	22 337	23 061	724	204 216	208 775	4 558
Overtid og ekstrahjelp	708	678	-30	6 024	6 540	516
Pensjon inkl. arbeidsgjevaravgift	4 798	4 798	0	47 524	47 524	-0
Offentlege tilskot og refusjonar vedr. arbeidskraft	-938	-702	236	-9 526	-7 018	2 508
Anna løn	3 102	3 561	459	28 409	30 242	1 833
Andre driftskostnader	1 416	1 433	17	11 031	11 973	943
Sum driftskostnader	35 313	35 232	-81	320 368	324 375	4 008
Driftsresultat	-548	0	-548	-11	0	-11

Perioden:

Totalt inntekter i perioden er 0,5 mill. lågare enn budsjett. Aktivitetsbaserte inntekter (ISF) er lågare enn budsjett i perioden, sjølv om aktiviteten er høgare enn budsjett. Dette skuldast at ein del av PHV sine inntekter førebels er bokført på budsjetteknisk område i Helse Førde. Beløpet er om lag 0,42 mill. per månad, og i styresak om budsjett for 2017 er det vedteke at vi skal få tilført dei manglande inntektene som er tildelt frå Helse Vest på eit seinare tidspunkt. Reelle inntekter i perioden er såleis 0,42 mill. høgare enn bokførte.

I oktober har det vore høge kostnader til kjøp av behandlingssassar i andre føretak. Vi betalar no for tre tryggleiksplassar i andre føretak, og samla sett er kostnaden i perioden 1,1 mill. høgare enn budsjett.

Vi har hatt meir innleige av personell enn planlagt, fordi vi ikkje har greidd å rekruttere overlegar til ledige stillingar slik vi budsjetterte med frå hausten 2017. Løn til tilsette er difor lågare enn budsjett, og samla sett er personalkostnadene i perioden 1,1 mill. lågare enn budsjett.

Totalt kostnader i perioden er 0,1 mill. høgare enn budsjett, og bokført resultat i perioden er 0,5 millionar svakare enn budsjett. Reelt resultat for perioden er 0,1 mill. svakare enn budsjett når vi tek omsyn til ISF-inntekter som vil verte tilført som basisinntekt på eit seinare tidspunkt.

Akkumulert:

Bokførte inntekter er 4,0 mill. lågare enn budsjett. Årsaka til dette er hovudsakleg at vi ikkje har fått full betaling for utført aktivitet. Aktiviteten er vesentleg høgare enn i 2016, og etter ti månader drift i 2017 manglar vi om lag 4,2 mill. i inntekter som førebels er bokført sentralt i Helse Førde. Vi har til no i år hatt litt færre gjestepasientar frå andre regionar enn venta, og desse inntektene er om lag 1,1 mill. under budsjett. Diverse andre inntekter er litt høgare enn budsjett.


Samla sett er driftskostnadene 4,0 mill. lågare enn budsjett til no i år. Hovudforklaringa er lågare personalkostnader som følgje av vakante stillingar, og at tilsette har hatt permisjon utan løn. Kostnader til kjøp av behandlingssassar i andre regionar har vore høge til no i år på grunn av dyre tryggleiksplassar som må kjøpast frå andre helseføretak. For tida brukar vi om lag 1,8 mill. i månaden for å kjøpe tre slike plassar.

Akkumulert har vi eit bokført resultat som er lik budsjett. Når vi tek omsyn til basisinntekt som er halde tilbake, er det akkumulerte resultatet 4,2 mill. betre enn budsjett.

Prognosen vår for 2017 er eit resultat som er 4,5 millionar betre enn budsjett.

MEDARBEIDARAR


Månadsverk:



Tal månadsverk i PHV vert redusert over tid.


Gjennomsnittleg tal brutto månadsverk siste tolv månader er 423. For eitt år sidan var dette talet 429.

Sjukefråvær:



Sjukefråværet var 6,7 prosent i september mot 5,8 prosent i same periode førre år.

Gjennomsnittleg sjukefråværet siste tolv månader var 6,6 prosent. For eit år sidan var dette talet 7,0 prosent.




I oktober var 94 prosent av epikrisane sende innan fristen.

Korridorpasientar

Det er ikkje registrert korridorpatientar i oktober 2017.


Ventetid for ventande ved slutten av perioden



Det er 159 pasientar som ventar på behandling ved utløpet av perioden. Dei har i snitt venta i 21 dagar.

I same periode i 2016 var det 170 pasientar som venta på behandling, med gjennomsnittleg ventetid på 17 dagar.

Ventetid der behandling er starta i perioden



Periode	Ventetid
2016-okt	26
2016-nov	25
2016-des	27
2017-jan	34
2017-feb	26
2017-mar	29
2017-apr	31
2017-mai	30
2017-jun	33
2017-jul	31
2017-aug	39
2017-sep	27
2017-okt	26

Dei 145 pasientane som har fått starta si behandling i perioden har i snitt venta 26 dagar før behandlinga starta.

I same periode i 2016 var det 95 pasientar som hadde gjennomsnittleg ventetid på 26 dagar før dei fekk starta si behandling.

Ventetid i kalenderdagar

Ventande ved periodeslutt.

Ventetid i kalenderdagar	Pasientar	I prosent
1-10	43	27 %
11-30	86	54 %
31-90	28	18 %
91-180	1	1 %
181-365		
365+		

Ventetidene er generelt korte i psykisk helsevern.

Fristbrot

Eining med fristbrot	For ventande ved periodeslutt	
	Pasientar	I prosent
Psykisk Helsevern Barn og Unge	0	0 %
Indre Sogn Psykiatrisenter	0	0 %
Nordfjord Psykiatrisenter	0	0 %
Psykiatrisk klinikk	0	0 %

Ingen fristbrot i PHV i perioden.